

Flyktningkrisa fortset, Noreg må ta ansvar!

I 2016 blei det inngått ein avtale mellom EU og Tyrkia som innebar at flyktningar som kom til Hellas skulle bli returnert til Tyrkia. I retur skulle EU ta imot syriske kvoteflyktningar frå Tyrkia.

Tyrkia har allereie fire millionar flyktningar og har ikkje kapasitet til å ta imot fleir.

Dei flyktningane som kjem til øyene i Hellas i dag må vente fire år før dei får asylintervju.

Dei friviljuge som har vore i leirane fortel om umenneskelege og uverdige tilhøve i dei overfylte leirane. Mange av asylsøkarane som lever under desse tilhøva er barn.

Møre og Romsdal SV krev at norske myndigheiter tar initiativ til å betre tilhøva i leirane og få fortgang i asylintervjua.